



## SAKSFRAMLEGG

<b>Sakshandsamar:</b> Jan Erik Boge	<b>Arkivkode:</b> FE-033
<b>Arkivsaksnr:</b> 18/1772	<b>Løpenr:</b> 19/471
<b>Sakstype:</b> Politisk sak	

### SAKSGANG

<b>Styre, utval, komité m.m.</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saksnr</b>
Kommunestyret	21.02.2019	002/2019

## Endring av møtedatoar for kommunestyret i april og juni 2019

### **21.02.2019 Kommunestyret:**

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### **KS- 002/2019 Vedtak:**

Det vert gjort følgjande endringar i kommunestyret sin møteplan for 2019:

- Kommunestyremøtet i april vert flytta til torsdag 04.04.2019.
- Kommunestyremøtet i juni vert flytta til måndag 03.06.2019.

Vedtaket er gjort med heimel i § 32 i kommunelova, jf. Samnanger kommune sitt reglement for kommunestyret m.fl.

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Det vert gjort følgjande endringar i kommunestyret sin møteplan for 2019:

- Kommunestyremøtet i april vert flytta til torsdag 04.04.2019.
- Kommunestyremøtet i juni vert flytta til måndag 03.06.2019.

Vedtaket er gjort med heimel i § 32 i kommunelova, jf. Samnanger kommune sitt reglement for kommunestyret m.fl.

### **Dokument som ikkje er vedlagt:**

Reglement for kommunestyret, formannskapet m.fl. i Samnanger kommune, Kommuneleova

### **Kva saka gjeld:**

Politisk møteplan for 2019 vart vedteken av kommunestyret 13.12.2018 (sak 050/2018). Det vart der vedteke følgjande møtedatoar for kommunestyret i 2019:

- 21.02.2019
- 11.04.2019
- 06.06.2019
- 17.10.2019

- 24.10.2019
- 05.12.2019

Ordføreren og rådmannen ønskjer no å endra dato for kommunestyremøta i april og juni:

- Det er ønskeleg å flytta møtet i april **til torsdag 04.04.2019**. Årsaka til dette er at ordføreren ikkje har høve til å møta 11.04.2019. I og med at tema for kommunestyremøtet i april er kvalitetsdialog, er det viktig at ordføreren deltek på dette møtet.
- Det er ønskeleg å flytta møtet i juni **til måndag 03.06.2019**. Årsaka til dette er at rådmann og assisterande rådmann ønskjer å delta på den såkalla Arendalskonferansen om «fremtidens kommuner». Denne konferansen blir arrangert 06. og 07.06.2019.

Det er kommunestyret som må ta stilling til om møtedatoane i april og juni skal endrast, jf. reglar i § 32 i kommunelova og reglar i Samnanger kommune sitt reglement for kommunestyret m.fl.

#### **Vurderingar og konsekvensar:**

Det er møte i formannskapet torsdag 23.05.2019. Ein del av sakene frå dette møtet skal truleg vidare til kommunestyret sitt juni-møte. Dersom kommunestyret sitt juni-møte blir flytta til måndag 03.06.2019, kan det bli utfordringar med å få godkjent formannskapet sin møteprotokoll før innkallinga til kommunestyret skal sendast ut ei veke før møtet. For å få litt betre tid, kan det derfor vera eit alternativ at kommunestyremøtet blir flytta til tysdag 04.06.2019 i staden for til måndag 03.06.2019.